

Året som har gått 2024

Tida er kommen for å oppsummere 2024 i IL Fanaråk. Me har mykje god aktivitet og me har mange gode frivillige som bidreg til aktiviteten. I 2024 har me 210 medlemmar i idrettslaget.



Me starta vinteren med snø både i Fortun og i Turtagrø. Jan Erik Weka lagde flotte løyper i Hestahagen og Anders Fortun i Turtagrø. Skigruppa stilte opp med Telenorkarusellen. Som tidlegare har fotball, volleyball og basistrening vore aktivitetar som har vore gjennom heile året for dei frå 8.klasse og oppover. Turorientering er med på å få oss ut på tur og barneidretten er ein fin aktivitet som samlar små og store på hausten. Både i vinterhalvåret og no i haust har klatregruppa arrangert klatrekveldar på Fjordstova, dette har vore ein kjekk aktivitet som mange har deltek på.

Mars er månaden for basar. Her må me takke alle som kjøpte lodd og kom på basaren vår, frivillege som hjalp til under basaren og med baking og alle som bidrog med gevinstar. Basaren er ei god inntektskjelde for idrettslaget og i 2024 fekk me inn over 60000 kr.

Påskan er tid for sol og uteaktivitet. Også i år har det vore påskeløype i Turtagrø og på fjellet. I låglandet har det vore påskelabyrint og påskeoverraskingar i nokre av trimpostkassane våre. Veldig kjekt at det er deltakarar som kjem att år etter år og at nye deltek.

Vinteren gjennom har det vore jobbe med servicebygget i Turtagrø. Her har det vore mykje jobb og dugnad fram mot opninga av bygget 20.april. Skigruppa tjuvstarta og arrangerte karusell i Turtagrø 25.februar og kosa seg i bygget med vafler etter skigåinga.

Servicebygget er eit samarbeidsprosjekt med Luster røde kors hjelpekorps og Luster kommune. I bygget er det opphaldsrom med kjøkken, toalett dusj, og ein garasje der me kan setje inn trakkemaskina og anna utstyr. 20.april fekk me ei fin opning i Turtagrø. Ordførar Andreas Wiese klippa snora, som blei holdt av Harald Hellesnes og Anders Fortun, to viktige personar som har bidrege til at me har idrettslag og hjelpekorps i området! Skigruppa bidrog med skileik og det vart servert nydelege kaker frå ATS. Tusen takk til alle som har bidrege til at me har fått til Turtagrø Servicebygg, saman får me det til.

Som tidlegare år har me godt samarbeid med dei andre idrettslaga i kommunen. I år har miniputt fotballen vore i Luster, der ein har delt treninga mellom å vere fotball og barneidrett. Dette har vore eit flott opplegg og me takkar Luster IL som har stått for organiseringa. Når det gjeld vaksenfotballen har me som tidlegare hatt samarbeid med Hafslo og Bjørn. Det er alltid kjekt når det blir fotball på Skjolden stadion.

Stolpejakta 2024 vart utvida til 110 stolpar i kommunen og i år var idrettslaga Veitastrond, Hafslo, Bjørn, Luster og Fanaråk med. Stolpane våre i år har vore i



Mørkridsdalen. Målet til stolpejaktgruppa er at me skal syne fram kommunen vår og at stolpejakt skal vere eit lågterskeltilbod der flest mogleg stolpar er mogleg å ta med barnevogn og rullestol. Stolpejaktssesongen er frå 1.mai til 1.november.

Kulturdagane i månadsskifte mai-juni er ein fin tradisjon. Som tidlegare var idrettslaget i Moane på fredagen. Her arrangerte me Escaperoom for dei eldste og Mesternes Mester for dei yngste. Kjekt at 34 ungar tok turen og var med oss denne ettermiddagen. På laurdagen hadde 7.divisjonslaget til HBF turnering på Skjolden stadion. Det vart seier mot Kaupanger og Syril og veldig kjekt å sjå lokale spelarar i aksjon.

Me har flotte representantar for idrettslaget som deltek på ulike aktivitetar rundt omkring. Aiden Honningsvåg deltok på kretslaget til Sogn og Fjordane på Lerøy-leikane i Kristiansund. Det er ein konkurranse for 13- og 14-åringar frå Finnmark i nord til Sogn og Fjordane i sør. Her fekk han prøve seg på kjende og ukjende øvinger. 5. plass på 60m var beste individuelle plassering, men det gjevaste var å komme med på stafettlag (80 m og 200m) og dei vant bronse begge dagane. Han kom også til finale i kulestøyt og fekk 7. plass i 200m hekk, som han aldri hadde sprunge før. Me gratulerer Aiden med flott innsats.

Laurdag 14. september «opna» me den nymerka stien over Nosi med ein fellestur. Det vart ein ein flott dag. Det var 14 stk i alderen 11- 81,5 år som deltok, der ein lyt seie at dei i endane av aldersskalaen imponerte mest. Ein fekk ikkje den sola meterologane hadde lova, men ein hadde god sikt heile turen, sjølv om tindane til tider var delvis dekkja av skodde. På toppen av Vardanosi kom det nokre lette snøfnugg, før véret vart lettare att. Ein starta og avslutta turen i solskinn.

Astri Drægne som donerte pengar til å merke og rydde stien, var svært glad i dette området, og ho hadde eit håp om at dette kunne få fleire til å ta området i bruk. Tor Håkon Kilen og Jonny Gjerde har gjort ein kjempejobb med å merke stien, som slynger seg fint i det kuperte og lettgådde terrenget. Ein kan absolutt anbefale dette som turmål. Her får du panoramautsikt mot tindane, og etterkvart mot dalen og fjorden. Området har også mange små vatn, som er fine å avkjøle seg i ein varm sommardag. Tusen takk til turleiarane Stine Rebni Bjørk og Jonny Gjerde for vel gjennomført tur.

13.oktober markerte me Verdsdagen for psykisk helse med aktivitetsdag på Fjordstova. Det var over 50 stk innom og me fekk ein kjekk ettermiddag. Britt Veum Hauge hadde barneyoga, klatregruppa stilte i klatreveggen og det var ulike aktivitetar med brettspel, PlayStation, perling og teikning. I år gjekk kampanjen ut på å gje tid til kvarandre. Det er spesielt viktig no i dei mørke vintermånadane, ta vare på kvarandre og inviter kvarandre med på aktivitetar eller ein tur i friluft. Fjordstova er ein god samarbeidspartnar for innandørsaktivitet haust, vinter og vår. Takk til Turid, styret og dugnadsgjengen som held open kafe og basseng.

I år var 5 året me har arrangert Løp for meg til inntekt for Barnekreftforeningen. Løpet har tidlegare vore i september, men i år var Løp for meg ein del av TV-aksjonen og dermed flytta me det til 20.oktober og hadde løp og kafe ved Grendahuset i Fortun. Det vart ein kjekk ettermiddag og me vart overvelda over kor mange som kom, både frå bygdene våre og frå andre bygder i kommunen. Ettermiddagen resulterte i at me samla inn 10510 kr til Barnekreftforeningen. Tusen takk til alle som kom, dei som bidrog med baking til kafeen og takk for at me fekk låne Grendahuset til arrangementet.

Som tidlegare år avsluttar me året med Nissemarsj og gløggkveld. 13.desember blir det fakkeltog på Skjolden og gløgg på Fjordstova. Me ynskjer dykk alle velkommen!

Det er mange som bidreg med aktivitet og dugnad i idrettslaget. Me vil takke kvar og ein for jobben de gjer. Me ynskjer og å takke sponsorar og samarbeidspartnarar. De er viktige for at me skal kunne skape aktivitet og trivsel i bygdene våre. Som tidlegare har me lyst å trekke fram to stykk som har bidrege ekstra og som vil få ei liten merksemd frå oss.

Sigurd Hauge har gjennom fleire år bidrege til aktivitet i idrettslaget gjennom verv i skigruppa og no seinare i klatregruppa. Han er og med på dugnadar og er nesten fast årseljar på basaren vår. Dei siste åra har Sigurd vore leiar i klatregruppa og jobba med avtale om klatring på Fjordstova, han har og laga plan for klatring og sikkerheit. Han har fått oversikt over alle med brattkort som kan stå for sikring på klatrekveldar og gjer ein flott jobb for å skape klatreaktivitet. Me set stor pris på jobben Sigurd har gjort med å få klatregruppa opp å gå att.

Den andre me vil gje ei merksemd er Ove Fortun. Han er eit ja-menneske og har bidrege i mange år for IL Fanaråk og andre organisasjonar. Han har køyrt løyper, vore dagleg leiar i Sognefjellet sommarskisenter og holdt kurs i førstehjelp. Ove har gjennom Luster Røde kors hjelpekorps vore primus motor for Servicebygget i Turtagrø. Han hatt oversikt over heile prosessen, hatt kontakt med dei ulike entreprenørane og samarbeidspartane og Ove har lagt ned utallige dugnadstimar i Turtagrø. Me er veldig glade og stolte over resultatet og takksame for jobben Ove har lagt ned.

Styret i IL Fanaråk ynskjer dykk ei god jul og eit godt nyttår!

Elin, Stine, Jakob, Vegard, Monica og Mona

